

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
067/22	Formannskapet	PS	07.09.2022

Saksbehandlar	ArkivsakID
Viviann Kjøpstad	21/2575

## Høyring av heilskapleg risiko- og sårbaranalyse for Osterøy kommune 2022 Osterøy-ROS 2022

### Vedlegg:

HEILSKAPLEG RISIKO OG SÅRBARANALYSE OSTERØY 2022. Osterøy-ROS 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utkast til heilskapleg risiko- og sårbaranalyse for Osterøy kommune 2022, Osterøy-ROS 2022, vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i minimum 4 veker.

### Formannskapet - 067/22

#### FS - behandling:

Rådgjevar frå sektor for helse, omsorg og sosial og rådgjevar frå Plan-avdelinga møtte for orientering om arbeidet omkring analysa.

-----  
Aleksander Thunestvedt, AP, ba om å få forlate møte i denne saka for å ta ein nødvendig telefon. Førespurnad vert innvilga.

Aleksander Thunestvedt, AP, forlet møte  
8 av 9 medlemmar/varamedlmmar tilstades

-----  
Hjalti H. Gislason, H, gjorde slikt framlegg:

"Hendinga «lengre stenging av Osterøybrua» vert vurdert og analysert før Osterøy-ROS 2022 vert lagt ut på andregongshøyring."

#### **AVRØYSTING:**

Hjalti Gislason, H, sitt tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke  
Rådmann sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### FS - vedtak:

Utkast til heilskapleg risiko- og sårbaranalyse for Osterøy kommune 2022, Osterøy-ROS 2022, vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i minimum 4 veker.

Hendinga «lengre stenging av Osterøybrua» vert vurdert og analysert før Osterøy-ROS 2022 vert lagt ut på andregongshøyring.

#### Saksopplysningar:

**Saksopplysningar:**

Det er gått 4 år sidan Osterøy kommune laga si første heilskaplege risiko- og sårbaranalyse. Jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2 skal kommunen utarbeide risiko- og sårbaranalyse som skal ligge til grunn for beredskapsarbeidet. Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og sivilforsvaret (Sivilbeskyttelseslova) § 14 viser til at risiko- og sårbaranalyser skal vere oppdaterte. Det var difor dags å starte opp revisjon av analysen frå 2018. Arbeidet med revisjonen starta opp hausten 2021.

Saka skal avgjerast av Formannskapet.

**Bakgrunn**

Bergen kommune gjennomførte sin ROS-analyse i 2020, og utarbeidde då sine eigne analyseskjema. Rådmannen si leiargruppe i Osterøy avgjorde at arbeidet med revisjonen skulle ta utgangspunkt i Bergen kommune sine analyseskjema og metode. Prosjektleiinga har difor, saman med representantar frå Samfunnssikkerhetens Hus, teke utgangspunkt i analyseskjema til Bergen kommune og tilpassa analyseskjema til Osterøy sitt behov

I analysane i førre ROS tok ein utgangspunkt i konkrete case for dei ulike hendingane, medan denne gongen har analysane vore generelle for hendingane. Til dømes tok analyse knytt til flaum utgangspunkt i case om flaum i Lonevåg sentrum, medan analysane no tek utgangspunkt i flaum generelt i kommunen. Saman med det oppdaterte analyseskjemaet er det utarbeidd støttetekst som har vore rettleiande for arbeidsgruppene. Analyseskjemaet med støtteteksten ligg som vedlegg 1 bakerst i rapporten.

Oppstart av analysearbeidet i arbeidsgrupper starta 10.mars 2022 med eit felles oppstartsmøte for alle som skulle delta i arbeidet. Møtet vart utsett frå januar på grunn av koronasituasjonen. Det var over 40 personar som møtte med eksterne deltakarar og tilsette i kommunen. Dagen starta med gjennomgang av ROS-metodikken og deretter gjennomgang av analyseskjema. Deretter var det arbeid i grupper som var inndelt på førehand. Det har vore 12 arbeidsgrupper der nokre arbeidsgrupper hadde ei uønska hending å analysere, medan andre arbeidsgrupper hadde ansvar for fleire uønska hendingar.

I Osterøy-ROS 2022 er det analysert 23 uønska hendingar. Kategoriane av uønska hendingar er:

- Naturhendingar
- Ulukker
- Tilsikta hendingar
- Kritisk infrastruktur
- Andre hendingar.

Det er vurdert at desse hendingane skal vere dekkande for å avdekke risiko i Osterøy kommune, både når det gjeld kommunen som organisasjon og kommunen som samfunn.

**Rapporten:**

Denne gangen har prosjektleiinga valt å skrive meir om kvar einskild hending og konklusjonar frå analyseskjema i rapporten. Dette gjer at rapporten er vorten omfattande. Rådmannen vonar at rapporten kan verte eit oppslagsverk som grunnlag for vidare arbeid med analysane.

I kapittel 2.0 er det laga eit samandrag som viser risikobilete for Osterøy. Alle hendingane som er analysert er vist i kapittel 6.0. Metoden som er brukt og definisjonar er omtala i kap. 5.0. Kapittel 4.0 skildrar Osterøy kommune i eit tryggleiksperspektiv, medan kap. 3.0 gjer greie for overordna mål og føringar. Kapittel 7.0 skildrar korleis kommunen skal arbeide vidare med risiko og tiltak avdekka i


analysane. Kapittel 8.0 er ei vurdering av Osterøy-ROS 2022.

Analysane av dei uønska hendingane som ligg til grunn for rapporten byggjer på analysane frå 2018.

Sjølve analysane er unnateke offentlegheit jf. offentleglova § 24, 3 ledd.

Arbeidet vart gjennomført i hovudsak frå oktober 2021 og til sommaren 2022.


### **Risikobilete:**



*Figur 1 Hendingar sortert etter risiko for liv og helse, økonomi og stabilitet og funksjonalitet i samfunnet*

I Dsb si «Analysar av krisescenario 2019» (Dsb, 2019) så peika dei på pandemi som den uønska hendinga som hadde kombinasjonen av høgast sannsyn og størst konsekvensar. Pandemien som kom i 2020 har vist korleis ein pandemi kan gje store konsekvensar for liv og helse, økonomi, samfunnsfunksjonar og tenesteyting. Dette var meir enn ROS frå 2018 for Osterøy tok høgde for. Ikkje uventa er det difor pandemi som har høgast sannsyn og dei største konsekvensane når ein ser både liv og helse, økonomi og stabilitet og funksjonalitet i samfunnet.

I svikt i informasjonstryggleik er den uønska hendinga at informasjon kjem på avvegar, vert endra eller vert utilgjengeleg. Av kjende hendingar er då Østre Toten kommune opplevde databrot som førte til at ingen tilsette fekk brukt nokon av datasystema, tryggleikskopiane vart sletta og sensitiv informasjon vart lagt ut. Dette er også ei uønska hendinga som er høgt på både sannsyn og konsekvens for Osterøy kommune.



Figur 2 Samla risiko Osterøy-ROS 2022

Også bortfall av kommunikasjonslinjer er ei hending som er vurdert til å ha høgt sannsyn og store konsekvensar. I bortfall av kommunikasjonslinjer er det når ein får bortfall av mobil, tele- og datalinjer samstundes. Størstedelen av tenestetilbodet til kommunen samt drift av dei fleste verksemdene er særleg avhengige av datalinjene. Med spreidd busetnad, næringsliv og tenesteyting er det viktig å ha god stabilitet og normal drift i heile kommunen.

### Vurdering

Osterøy-ROS 2022 er bygd på erfaringar frå den første heilskaplege risiko- og sårbaranalysen til kommunen. Dette har gjort at det er redusert antal uønska hendingar som er analysert, men likevel er det analysar av mange ulike uønska hendingar. Rådmannen vurderer at ein er godt dekkja for ulike uønska hendingar i Osterøy-ROS 2022.

Det å følgje metodikken i risiko- og sårbaranalyse kan vere krevjande, og sjølv om mange no har meir erfaring i bruk av slike analysar enn før, er det framleis vanskeleg å halde strukturen gjennom heile analysearbeidet.

Nokre av analysane er basert på den kunnskapen representantane hadde på analysetidspunktet, utan at ein har innhenta ny naudsynt kunnskap før slutføring av arbeidet. Dette har gjort at usikkerheita er større for nokre få hendingar enn me kunne ønske. Dette har skjedd på grunn av kapasitetsutfordringar i organisasjonen. Det har også vore ei utfordring at ein skal vurdere risiko i Osterøy-samfunnet. Dette vil seie at ein ikkje berre skal sjå på Osterøy kommune som tenesteleverandør, noko me har lett for i organisasjonen, men også på sivilsamfunnet og samfunnet som heilskap.

Innhaldsmessig har det vore mykje fokus på faktagrunnlag om dei ulike uønska hendingane slik at ein skal ha eit godt kunnskapsgrunnlag for å vurdere mellom anna årsaker til hendingane, kva barrierar me har og kva barrierar me manglar. Likevel ser rådmannen at nokre analysar kunne hatt meir statistikk/eller anna kunnskapsgrunnlag. Dette gjeld særleg der kommunen er avhengige av andre for

å gjennomføre tiltak for å redusere sannsyn eller konsekvens.

Ein har hatt gode refleksjonar om eigen praksis og korleis ein arbeider i høve til desse uønska hendingane i dag. Dette inneber at ein har vore sjølvkritiske til kva som finns av sannsyns- og konsekvensreducerande tiltak, men også at ein har vore like kritiske i høve til kva ein meiner manglar. Analysane viser kor kommunen og samfunnet er sårbare for uønska hendingar og kor me manglar barrierar for å redusere sannsyn, konsekvensar og sårbarheit. Analysane er difor unnateke offentlegheit jf offentleglova § 24.

I oppfølginga av Osterøy-ROS 2022 må sektorane, stab og einingane sjå på dei analysane som er aktuelle for sitt ansvarsområde. Forslag til tiltak i høve dei uønska hendingane er i analysane. Dei forslaga til tiltak som ligg i analysane er ikkje vurdert i høve kor viktige dei er, kostnadar, om dei reduserer sannsyn eller konsekvens så dette må gjerast i organisasjonen framover.

### **Konklusjon**

Alt i alt vurderer rådmannen at analysane er gode nok til å kunne gje eit oversyn over det som er risiko for Osterøy kommune som kommune og samfunn, og til å gje tilstrekkeleg avgjerdsstøtte for oppfølging av risiko- og sårbararbeidet vidare. Rådmannen rår difor Formannskapet til vedta utlegging av framlegget til heilskapleg risiko- og sårbaranalyse for Osterøy 2022, Osterøy-ROS 2022, på høyring og offentleg ettersyn i minimum 4 veker.